

## Vestland SV ynskjer folkerøysting om deling av fylket

Akkurat no står debatten om framtida til organiseringa av fylkeskommunane. Troms og Finnmark har allereie sendt søknad om deling. Fylkestinget i Innlandet har lagt saka ut til folkerøysting, og i løpet av ei veke i februar skal folket seie sitt. Fylkestinget i Vestfold og Telemark skal ha saka til røysting i midten av februar. Der har eit klart fleirtal av kommunane bedd om oppdeling, og NRK melder at det fleirtal i fylkestinget for deling. Til sist skal fylkestinget i Viken i slutten av februar vedta om dei vil dele opp att fylke, og det er færre og færre som trur på at det blir fleirtal for å halde fram som Viken.

Vestland SV meiner at spørsmålet om å dele opp att Vestland fylke også bør stillast til folk i vårt fylke. Difor vil Vestland SV ta saka om å leggje ut ei folkerøysting opp i komande fylkesting. Folk i Hordaland og Sogn og Fjordane fekk ikkje høve til å seie meininga si gjennom ei folkerøysting før fylkessamanslåinga. Det bør dei få sjansen til no.

Fylkeskommunane har ikkje fått nemneverdige med nye oppgåver eller meir makt. Derimot har reforma ført til sentralisering og det er grunn til å tru at det vert meir sentralisering i åra som kjem. Eit større fylke har ført til større avstandar mellom dei styrande og dei som skal styrast. Vestland fylke er gigantisk. Det blir ofte tala om at Viken er stort, men Vestland er heile 38 prosent større i areal. Det tek 9-11 timar å køyre frå den eine enden til den andre, frå Stad til Sveio. Samtidig gjer storleiken at det er vanskeleg å ha oversikt. Vi har få felles arenaer der folk kan lære meir om kvarandre sine utfordringar og drøfte felles utfordringar. Fylket administrerer for eksempel 44 vidaregåande skular, langt meir enn noko anna fylke unntatt Viken, og skal vedlikehalde og utbetre 5485 km med fylkesvegar.

Fleire meiningsmålingar har synt stor motstand mot felles storfylke. SV har som det einaste partiet i fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane røysta i mot fylkessamanslåingane og då har folkestyre vore tungt vektlagt. Vilkåra fleirtalet i Sogn og Fjordane fylkesting sette med vedtaket for samanslåinga er ikkje innfridde.

Vestland fylke har vore i funksjon i 2 år. Det har vore krevjande for mange av dei tilsette å gjennomføre omorganiseringa. Mange ber om at saka lyt få ligge fordi ei oppdeling også vil vere krevjande for den enkelte tilsette og fylkesorganisasjonen. Mest truleg vil den samanslåtte strukturen også gje utfordringar i åra som kjem. Ved å leggje spørsmålet ut på folkerøysting vil kvar enkelt kunne vurdere kva som er viktig og kva som vert viktigast i åra som kjem. Det er å ta folkestyre på alvor. Om fleirtalet i folkerøystinga, i ein av stortingsvalkrinsane, seier ja til oppdeling bør fylkestinget fylgje rådet å sende inn søknad til regjeringa og Storting om å opprette fylka Sogn og Fjordane og Hordaland.